

Nynorsk som sidemål

Norsk språk omfattar dei to likestilte skriftspråka bokmål og nynorsk. Begge skriftspråka skal kunne brukast i alle delar av samfunnet, og i opplæringa skal elevane bli fortrulege med det norske språkmangfaldet. I norskfaget skal elevane lære å uttrykke seg skriftleg med stadig større tryggleik både i hovudmålet og i sidemålet sitt. For fleirtalet av elevane er det nynorsk som er skriftleg sidemål.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 31.05.2020

Kompetansemåla i norsk frå 2. trinn og framover viser at alle elevar skal bli godt kjende med nynorsk gjennom lytting, lesing og refleksjon. Frå trinn 3 skal elevane utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmålet og sidemålet, og frå trinn 5 skal dei prøve å skrive tekstar på sidemålet sitt. På ungdomstrinnet og på studieførebuande program i vidaregåande opplæring er det same kompetansemål for skrivning på begge skriftspråka.

I halvårsvurderingane på 8. og 9. trinn og i Vg1 og Vg2 studieførebuande program skal elevane få ein felles karakter i norsk skriftleg som uttrykkjer kompetansen dei viser både i sidemål og hovudmål. Dette betyr ikkje at elevane skal lære mindre sidemål enn tidlegare. Formålet med endringa er å legge til rette for ei heilskapleg skriveopplæring. Du kan lese meir om vurdering i sidemål i tekstane om vurdering i læreplanen og på nettsidene om [vurdering for læring](#).

Det finst mange digitale ressursar for både grunnskolen og vidaregåande skole som gir opplæring, skrivhjelp og variert lesetrening på nynorsk. [Nedst på sida "Nynorsk i opplæringa" finn du nokre sentrale nettsider.](#)

Elevar som har fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål etter forskrift til opplæringslova § 3-22, har rett til opplæring, men dei skal berre ha karakter i hovudmålet sitt.

Elevar med rett til tospråkleg opplæring i samisk, finsk, kvensk eller norsk teiknspråk skal lese og forstå både bokmål og nynorsk, men dei skal ikkje ha opplæring i skriftleg sidemål. Det same gjeld elevar som

får særskild språkopplæring etter opplæringslova § 2-8 og § 3-12.